

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Bergen HF

**DATO:** 21.01.19  
**SAKSHANDSAMAR:** Gry Kolås  
**SAKA GJELD:** **Rettsaker 2018**

**STYRESAK:** **08/19 0**

**STYREMØTE:** **30.01.2019**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek saka til orientering.

## **Bakgrunn**

I styremøte 16. januar 2002, sak 14/02, fekk styreleiar fullmakt til å fremje søksmål på vegne av Helse Bergen og til å anke avgjerder i tingrett og lagmannsrett der føretaket er part. Svært prinsipielle saker og/eller saker av stor offentleg interesse, skal behandlast av eit samla styre før det vert teke endeleg avgjerd om å fremje søksmål eller anke avgjerder i domstolane. Styret sette som vilkår at dei vert haldne orienterte om rettssaker som føretaket er eller kan rekne med å bli involvert i.

## **Rettssaker og stemningar i 2018**

### **Arbeidsrett:**

Helse Bergen har i 2018 motteke tre stemningar som gjeld påstand om usakleg oppseiing.

### **Eigedomsrett:**

#### **Oppfølging av Anger-avtalen**

Helse Bergen var saksøkt av Bergen kommune med krav om tilbakeføring av eigedomsrett til eigedommar med utgangspunkt i den sokalla Anger-avtalen, jf. orientering og notat til styret i styremøtet 16. desember 2016 (sak 93/16 - nr. 6).

Bergen tingrett sin dom av 17. januar 2017, vart anka av Helse Bergen. Dom i Gulating lagmannsrett kom 26. februar 2018. Her blei tingretten sin konklusjon om vederlagsfri overføring av Helse Bergen sin del i eigdommen «Knappentunet» til kommunen ståande, men sjukehuset vart frifunne for krav om overføring av eigedommar i Sandviken-området.

Bergen kommune anka avgjerda 11. april 2018, Helse Bergen fremja avleidd anke. Ankeutvalet i Høgsterett har 19. juli 2018 avvist å fremje anken for Høgsterett, og Lagmannsretten sin dom er såleis endeleg. Helse Bergen blei tilkjend kr. 150.000,- i sakskostnader frå Bergen kommune.

### **Entrepriserett:**

Helse Bergen har motteke stemning i sak som gjeld tvist om sluttoppgjer i ein entreprise.

### **Arv/skifte:**

Haukeland universitetssjukehus (HUS) er saman med Landsforeininga for hjarte- og lungesyke (LHL), Frelsesarmeen og Norsk Luftambulans arving etter et gjensidig testament f

frå 2000. I testamentet er det bestemt at arven til HUS skal nyttast på avdeling for kreftsjuke born.

Attlevande ektefelle har i 2016 oppretta nytt testamente med fleire arvingar og der arvelotten til arvingane etter det første testamentet, er monaleg redusert. Partane vart under behandlinga av attlevandes dødsbo, ikkje einige om kva for testamente som skal leggjast til grunn. Skiftetvisten er difor overført til tingretten til handsaming i 2019.